

Vår dato
18.02.2005Vår referanse
05/55 - 815/05Dykkar dato
06.01.2005Dykkar referanse
200500144

Utdannings- og forskingsdepartement

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

DOK 88	
UFD	
22 FEB. 2005	
Saksnr.	200500144
Arkivkode:	008

Høring - strategiar for digitale læringsressursar for grunnpøpløringa, universitet- og høgskulesektoren og vaksne si læring - fråsegn frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

Me viser til høyringsdokumentet av 6.1.2005 og framlegget frå arbeidsgruppa i Noregsuniversitetet. Generelt vil me gje ros for ei konkret og konsis innstilling, som etter vårt syn peikar på vesentlege utfordringar i den digitale høgskuleverda. Me er og i hovudsak einige i framstillinga av nosituasjonen og i mange av framlegga til tiltakspunkt. I det følgjande vil me ta opp sider av innstillinga der me meiner det trengst utfylling eller endring. Me vil og peika på nokre punkt me meiner er særleg viktige for det strategiske arbeidet på området.

Disposisjonen bør etter vårt syn få nokre mindre endringar:

Punktet Tverrsektorielle tiltak under 5.1 høyrer slik det står, meir naturleg heime under punkt 4, nasjonale tiltak. Det same gjeld punkt 1.2 om studentmapper. Dette bør og omtalast under punkt 5, sidan arbeidet med ePortfolios står så sentralt i EU sin utdanningsstrategi nett no. Punkt 2.3 om støttetiltak høyrer mest naturleg inn under punkt 3 Lærestader.

Om dagens situasjon

Hovudsynet i planen er etter vår meining positivt og optimistisk. Me kunne likevel ha tenkt oss eit perspektiv der bruk av ikt i utdanninga vart sett inn i ein samla samanheng, saman med andre faktorar som studenten/eleven, læraren, organisering, trykt material og så vidare. Planen gir inntrykk av at det er positivt og ønskeleg at absolutt alt som gjeld undervisning, blir digitalisert, og det er vi ikkje einige i. Boka vil vere sentral også i framtida, og lærestoff i trykt form er både ønskeleg og funksjonelt i lang tid framover. Det vil derfor styrkja strategiplanen om det i samband med definisjonen av digitale læremiddel blir sett opp kva kriteria som skal til for å forsvare bruk av slike læremiddel (betre læring, betre økonomi, betre spreing osv.).

Me kunne og ha tenkt oss at planen problematiserer og konkretiserer noko meir omgrepet "kultur for deling". Vi tykkjer at det som står om "manglande kultur for deling" gjer dette nærast til eit kulturspørsmål for den enkelte. Her er det som kjent tøffe økonomiske realitetar inne i biletet, derfor framstår ønsket om kultur for deling meir som eit fromt ønske enn eit realistisk tiltak. Det er og viktig her å ta opp korleis private aktørar kan eller ikkje kan ha ei rolle.

Om situasjonen til HSF som ein mellomstor høgskule i Distrikts-Noreg

For mindre høgskular er det ei utfordring i seg sjølv å kunne tilby tilstrekkelege tekniske støttenester og kapasitet både teknisk og menneskelig. Høgskulane har ofte ein desentral struktur med lange interne

avstandar som gjer avstanden til felles støttetjenester lang. Teknologiproblem kan som kjent ikkje berre løysast virtuelt.

I rapporten burde ulike rammevilkår ved små og store utdanningsinstitusjonar vore problematiserte. Det er ei kjent sak at tilbodet av elektroniske informasjonsressursar som skal sikre kunnskapskjelder for studentar og tilsette, avheng av kvar ein studerer eller arbeider. Ulike portal-løysingar skal gjera mange og dyre databasar med vanskeleg og ulikt grensesnitt lettare tilgjengelege, men her fører også ulike økonomiske rammevilkår til ulikt tilbod til brukarane av bibliotektenestene i uh-sektoren. Dei store utdanningsinstitusjonane har eit klart konkuransefortrinn her, Det er ønskjeleg at dette blir omtalt i planen.

Til tiltakslista

Me vil peika på punkta nedanfor som særleg viktige i strategien vidare:

1 Tiltak for meir utvikling av og system for deling av læringsressursar, planen punkt 3.3 og 4.2 – 4.5. Her trengst kanskje og ei nasjonal samordning som bør konkretiserast. Når det gjeld utviklingsarbeid, vil me til dømes peika på prosjektdatabasane hjå Vox og Noregsuniversitetet som interessante utgangspunkt.

2 Det digitale biblioteket, deling av ressursar. Her viser me til det som er skrive generelt om situasjonen til den mellomstore høgskulen.

Me vil elles understreka det som står om informasjonskompetanse hjå studentane. Her trengst det ei utviding også til informasjonskompetansen¹ hjå dei fagleg tilsette. Til liks med studentane bør også fagleg tilsette skaffe seg informasjonskompetanse og oversikt over dei informasjonsressursane institusjonen rår over, og ta ansvar i lag med biblioteka for at slik kunnskap vert utvikla hjå studentane. Dette er slett ikkje tilfelle alltid i dag.

Her kan det og med fordel visast til planen for ein digital kunnskapsbase, som Stortinget har bedt om, som eit mogleg tverrsektorielt tiltak. Me vil og minna om dei omfattande utgreiingane om ein norsk språkbank, ei samling av alle tilgjengelege språkressursar, som KKD og NHD har laga, og som Stortinget har sett på vent førebels.

3 Tiltak for å gjera arbeid med digitale læringsressursar meir meriterande. Dette bør mellom anna sjåast i samheng med arbeidet for ein alternativ karriereveg frå førstelektorstillinga. Me ser i HSF døme på personar som har gjort eit omfattande arbeid i 3-4 år med oppbygging av digitale læringsstrategiar, men som i praksis får lita utteljing for det i dagens dokumentasjonssystem

4 Norskspråklege læringsressursar (punkt 4.9). Ut frå nyare forskning om verdien av å vera god i eige morsmål for å kunna utvikla høgt fagleg nivå, er dette eit svært viktig punkt å ha tiltak på. Konkrete støtteordningar for norskspråklege læringsressursar er viktig. Det er og viktig at tiltaksplanen seier noko om praktisering av mållova når det gjeld forholdet mellom bokmål og nynorsk. For vår høgskule, der eit nynorsk fagspråk ofte ligg til grunn for undervisninga, er det viktig med tiltak her, då marknaden ikkje løyser utfordringar knytte til bokmål og nynorsk. Utvikling og bruk av gode nok søkjemotorar som søkjer parallelt på nynorsk og bokmål, er døme på nødvendige verktøy.

Omgrepet definerer me slik: Informasjonskompetanse er erkjenninga (medvit?) av eige informasjonsbehov, evna til å vite når og kva slags informasjon som trengst, og kunnskap om korleis ein finn, evaluerer og brukar informasjon av alle slag

Vår dato
18.02.2005Vår referanse
05/55 - 815/05

5 Problem knytte til standardisering kan med fordel utdjupast noko meir i planen. Me gjer her berre eit par døme på problemstillingar me ser:


Standardisering er avgjerande for å kunne dele læringsressursar på ein effektiv måte. Dette gjeld både for å finne fram til læringsstoff (metadata), når det gjeld bruk av livslange digitale studentmapper og for å kunne dela kunnskap generelt uavhengig av teknologiske plattformer og ulike elektroniske læringsplattformer.

Truleg bør denne planen seia noko om kva standardformat ulike type læringsstoff bør vera ha. Mellom anna derfor er ei nasjonal samordning av standardiseringsarbeidet er eit viktig tiltak som bør inn i planen.

6 Me viser til Forslag til tiltak, 3.3: Delingskultur og 4.2: Gjenbruk av tidlegare utvikla ressursar. Her saknar vi nokre tankar om korleis ein skal kvalitetssikre dette materialet. I undervisningssamanheng meiner vi det er like viktig som å ha open tilgang til alt som finst av meir eller mindre relevant stoff.

Til slutt vil me gjenta at med Noregs spreidde folkesetnad og utdanningsstruktur er det særleg viktig å finna optimale organiseringsmodellar med bruk av digitale verktøy når det gjeld desentraliserte utdanningar. HSF vil gjerne ta på seg å få laga ei kvitbok (virtuell og på papir) om desentralisert profesjonsutdanning, dersom det kunne skaffast midlar til det. Dette kunne vera eit interessant fellesprosjekt mellom to eller fleire av institusjonane som har vore aktive på feltet. Me lanserer med dette framlegget for departementet.

Med helsing



Terje Bjelle
Studiesjef

Kari Thorsen
Rådgjevar